

Østfoldmål

MEDLEMSBLAD FOR
ØSTFOLD MÅLLAG

NR. 2 – 2017
28. ÅRGANG

Ting Aust i Vika 2017 til jul!

Ein god tradisjon for målrørsla i fylket vårt har det blitt at vi kjem med ei årbok før jul. Her presenterer vi emne som har med språk og kultur i Østfold å gjere.

I 2005 gav dei første redaktørane, Øyvind Bremer Karlsen og Ragnhild Lier, årbokserien namnet «Aust i Vika». Skil ein dømme etter den siste politiske utviklinga i retning av storfylket «Viken», var dette namnevalet nummeret inntil profetisk. Å sjå nærmare på Østfold-identiteten blir spesielt viktig i ei tid da det ser ut til at heile fylkesstrukturen i landet er under omstøyping.

I år er årboka på 96 sider med denne lesemenyen:

Ragnhild Lier skriv om Tuneskipet og nye planar om å sjøsette ein rekonstruert versjon av det. Ho skriv òg om Arnt Bergby frå Sarpsborg, som var aktiv målmann der og grunnla BUL Sarpsborg.

Ivar Aasen var i Østfold i heile september 1853 og utdrag av orda han samla finst i denne boka samanlikna med nynorsk og bokmål.

Eldbjørg Skaug skriv om Aasens opphald i Eidsberg, og ho har òg svært gode artiklar om barnarbeid og om historia til storgarden Lekum.

Marit Øgar Aasbrenn skriv barndomsminne frå Rømskog med mormor som den aller viktigaste.

Edvard Mogstad, leiar i Østfold Mållag, skriv om fotball denne gongen, om ein minnerik kamp på Sarpsborg Stadion da radikale Egil «Drillo» Olsen kom i klammeri med politiske undertonar.


Håvard Tangen skriv om løytnant Hans Fleischer Dons, som var den første norske flygaren som flaug frå Vestfold til Østfold i 1912.

Magne Aasbrenn skriv om teknologi i framtida. Allereie er det slik at robotane snakkar til oss og (delvis) skjønner kva vi seier. Kva tyder dette for språkutviklinga?

Gunnar Ottne ser nærmare på det som skjedde med talemålsutviklinga i Sarpsborg den tida han voks opp. Var det verkeleg «overklassefiffen» som hadde skulda for at folk snakka mindre dialekt?

Håvard Rem har skriva eit langt essay til Dag og Tid om Østfold som «Porten til Noreg». Her får vi eit godt inntrykk av korleis Østfold og folket her ser ut «frå utsida».

Skjønlitterære innslag er det òg i boka. Her er dikt av **Morten Tuttoren** og **Øyvind Bremer Karlsen** og ei novelle med sommarmotiv av **Rune Østhagen**.



SLIK BESTILLER DU BOKA:

Bestill årbok/årbøker
På tlf/sms 97970065
eller frå
ostfoldmallag@gmail.com

Pris kr. 120,- per bok
(med porto inkludert)
Kr. 100 per bok om du tingar
5 eller fleire.

Vi må ha bestillinga seinast
laurdag 9. desember
om du vil ha levering før jul!

Mykje hygge og moro i året som har gått

2017 har vore eit år med jamt god aktivitet i Østfold fylkesmållag. Vi har hatt treff i «kjerneområda» til alle dei tre lokallaga i Indre Østfold, Sarpsborg og Fredrikstad. Her er nokre glimt frå trivelege bordsete. Vi har fått mange nye medlemmer i år og er nå oppe i 145. De nye er sjølvsaugt hjarteleg velkomne til å bli med på artige turar og gode, humoristiske samtalekveldar om dialekter og skriftspråk i 2018! Ta gjerne kontakt med «leiarkvartetten» om det er noko de lurar på – e-postadressene finn de nedst på denne sida.

Tur til Ørje 18. juni

I brukbart sommarvær fekk vi oppleve slusene i Ørje med den lokale guiden Eilif Mosbæk. Vi såg dampbåten «Engebret Soot» og besøkte Kanalmuseet. Lunsj blei inntatt på ein kafé i Ørje sentrum.

Deretter drog gruppa litt nord for sentrum for å sjå det skarpaste dialektstiljet i Østfold, den vesle Enger-elva, som dannar skiljet mellom ytre- og indremål, utan noko midtmål som buffersoner. Til slutt var alle som hadde tid og lyst, velkomne til hytta til Edvard Mogstad på vestsida av sjøen sør for Ørje.



Arnt Bergby-kveld på Matstova i Sarpsborg

25. september skipa Sarpsborg Mållag til ein Arnt Bergby-kveld på Matstova. Pølsebakaren Arnt Bergby var ei drivande kraft i å starte BUL Sarpsborg og etablerte dette lokalet. Ved sidan av alt arbeidet Bergby la ned i BUL, var han mellom anna dirigent i koret Varden og i Fagforeningenes Mannskor. Han skreiv nynorsk heile sitt vaksne liv.

Ragnhild Løken innleidde til samtale om innsatsen hans for kulturen i Sarpsborg. Barnebarn og folk som møtte han medan han var aktiv som dirigent, delte minne. Vi fekk også høyre gamle grammofonplateopptak av Bergby sjølv.

Hauftfest i Fredrikstad

24 festglade var samla til hauftfest på «Lille Mat- og Vinhus» i Fredrikstad laurdag 18. november. Dette er ein restaurant med dansk mat, og dermed blei tema for festen «Aasen-ord rundt dansk bord». Etter denne kvelden er det berre å slå fast at «det er gildt å vere nynorsk i Danmark»! Vi song frå den nynorske songskatten, m.a. med nynorsk versjon av «Om lidt er kaffen klar».

Elles bidrog festdeltakarar med lysbiletforedrag frå Helgeland og skjønnlitterære innslag frå Voss og Kirkenes.



Østfold Mållag
ved leiar Edvard Mogstad
edmogstad@yahoo.no

Fredrikstad Mållag
ved leiar Marit Aasbrenn
maasbrenn@online.no

Sarpsborg Mållag
ved leiar Ragnhild Lier
ragnhildlier@hotmail.com

Indre Østfold Mållag
ved leiar Morten Tutturen,
morten.tutturen@gmail.com